



Tilleggssak

Utval: SOGN REGIONRÅD
Møtestad: Sogn Jord- og Hagebruksskule
Møtedato: 06.12.2013 **Tid:** kl 0930

37/13 11/2965-13
Høring ferjeruter i indre Sogn

Sogndal, 5. desember 2013

Noralv Distad
leiar

Karina Nerland
dagleg leiar

Sogn regionråd

Saksh.: Karina Nerland
Arkivsak: 11/2965

Arkiv: N33

Saksnr.: Utval
37/13 Sogn regionråd

Møtedato
06.12.2013

Sak 37/13

Høyring ferjeruter i indre Sogn

Tilråding:

Sogn regionråd sluttar seg til innspel til ferjeruta for Vangsnes-Hella-Dragsvik slik det ligg føre.

Samferdslegruppa førebur innspel til rutetabell for Mannheller-Fodnes som rådet kan slutta seg til innan høyringsfristen.

Vedlegg:

Høyring: Ferjerute Vangsnes-Hella-Dragsvik og Mannheller-Fodnes ved neste kontraktsperiode

Saksutgreiing:

Bakgrunn:

Hella-Vangsnes-Dragsvik

Sogn regionråd arbeider for betra ferjesamband for Hella-Vangsnes-Dragsvik frå neste kontraktsperiode. Vi har sidan 2011 vore i kontakt Statens vegvesen Region vest for å få fram behovet for «stiv» frekvens på dagtid (frekvens på 20. eller 30 minutt) og nattferjer på dette sambandet. Ruteopplegget vart drøfta med regionvegkontoret i haust. Statens vegvesen kjem til å lysa ut to alternative ruteopplegg parallelt på nyåret. Rutetabellane for to- og treferjeløysing gir fleire avgangar og auka opningstid samanlikna med dagens rutetabell.

Framlegg til rutetabell har to alternativ; Alternativ 1 er med to ferjer om vinteren og tre om sommaren. Alternativ 2 er treferjeløysing heile året og vert lyst ut som opsjon. Det vil vera pristilboda og ramma for sambandet som vil avgjera om det blir alternativ 1 eller 2 som blir vald i etterkant av tilbodsinnleveringa.

Ferjene vil gå i ein pendel (Vangsnes-Hella-Dragsvik-Hella-Vangsnes) i framlegget. Løysinga er i samsvar med innspela frå samferdslegruppa til regionvegkontoret i haust, og gir frekvens på 30 minutt for treferjeløysinga. Trafikkflyten fordeler seg per strekning slik: 40% Vangsnes-Hella, 40% Dragsvik-Hella og 20% Dragsvik-Vangsnes.

Sogn regionråd vil arbeide vidare for å auka rammer slik at vi kan få treferjeløysing. Forutsigbar rutetabell med frekvens på 30 minutt inneber at fleire aksepterer å pendla, vil

gjera kommunane meir attraktive både for dei som vil busetja seg i regionen og for næringslivet og vil styrka ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Framlegg til innspel følgjer under.

Mannheller-Fodnes

Vi er kjende med at fylkeskommunen ønskjer endring i ferjeruta Mannheller – Fodnes slik at det blir ferjeavgang kl 0720 eller 0715 frå Fodnes. Dette for å tilpassa ferjeavgangane for elevar som reiser frå Lærdal og Årdal (og kanskje frå Aurland) til vidaregåande skule i Sogndal. Idag må elevane reisa med ferje kl 0700. Mange elevar har lang køyring med buss før dei kjem på ferja, og for å tilpassa skuleskyssen best mogeleg kan dette vera ei aktuell løysing.

Tilpassinga kan gjera at fleire elevar kan dagpendla og slepp å bu på hybel. I dag er det ca 50 elevar som dagpendlar til Sogndal frå Årdal og Lærdal. Frå hausten 2014 vert det endringar i tilbodet ved den vidaregåande skulen i Sogndal og det vert fleire utdanningsprogram elevane kan søkje på og dagpendle til. Dette kan gje fleire dagpendlarar til Sogndal. For arbeidspendlarar som byrjar på jobb kl 0800 kan det også vera ein fordel å reisa kl 0720. Aurland kommune vurderer opplegg for skuleskyss og om det er aktuelt med bussrute istadenfor båtrute frå neste skuleår.

Sogn regionråd har som ein av våre strategiar at vi skal medverka til at færrest mogeleg elevar må bu på hybel for å ta vidaregåande utdanning, og ev. innspel om ei slik endring vil vera i tråd med dette. Men frekvensen mellom avgangane kan bli lengre. Samferdslegruppa kan førebu innspel til rutetabell for Mannheller-Fodnes som går til rådet for tilslutting innan høyringsfristen 23.12.2013.

Framlegg til innspel frå Sogn regionråd:

«Høyring: Ferjerute Vangsnes-Hella-Dragsvik og Mannheller-Fodnes ved neste kontraktsperiode

Sogn regionråd har følgjande innspel til framlegg til ruteopplegg:

Sogn regionråd ber om at Statens vegvesen ikkje nyttar opsjon for å forlenga gjeldande kontrakt i eitt år. Ny kontraktsperiode må gjeld frå 1.1.2016.

Det er positivt at det er lagt inn nattavgangar på sambandet. Sogn regionråd arbeider for treferjeløysing fordi dette gir frekvens på 30 minutt. Dette vil gje forutsigbarheit for reisande og vil styrka ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Sogn regionråd er samd i at ferjene går i pendel. Løysinga er i samsvar med innspela frå samferdslegruppa til regionvegkontoret i haust, og vil gje 30 minutt frekvens mellom avgangane med ei treferjeløysing. Sogn regionråd støttar framlegget til rutetabell med treferjeløysing.»

Samferdslegruppa førebur innspel om rutetabell for Mannheller-Fodnes som rådet kan slutta seg til innan 23.12.2013.